



STORTINGET

Representantforslag 110 S

(2025–2026)

frå stortingsrepresentantane Maren Grøthe og Erling Sande

Dokument 8:110 S (2025–2026)

Representantforslag frå stortingsrepresentantane Maren Grøthe og Erling Sande om regelstyring av momskompensasjonsordninga for frivillige organisasjonar

Til Stortinget

Bakgrunn

Frivilligheita utgjer ein grunnmur i norsk samfunns- liv. Tusenvis av lag og foreiningar byggjer fellesskap, kultur, beredskap og tillit. For å halde oppe aktiviteten i lokalsamfunn over heile Noreg er det avgjerande med føreseielege økonomiske rammer.

Momskompensasjonsordninga er den viktigaste generelle støtteordninga for frivillig sektor. Ho gjer at organisasjonar og idrettslag kan bruke midlane sine på aktivitetar, ikkje på avgifter. Etter fleire år med underdekning har ordninga dei siste fire åra vore fullfinansiert – for første gong sidan ho blei etablert. Det er eit his-

torisk løft som har vist kor avgjerande ordninga er for aktiviteten i lag og organisasjonar over heile landet.

Når ordninga no fungerer som føreset, er det neste naturlege steget å regelstyre ho. Regelstyring vil sikre at ordninga ikkje igjen blir priggitt årlege budsjettprioriteringar, men blir eit fast og føreseieleg verkemiddel på linje med andre kompensasjonsordningar i forvaltninga.

Ei regelstyring vil styrkje føreseielegheita for frivillig sektor, sikre full kompensasjon kvart år, forenkle administrasjonen og redusere byråkrati.

Forslag

På denne bakgrunnen blir det fremja følgjande

f o r s l a g :

Stortinget ber regjeringa leggje fram forslag om å regelstyre momskompensasjonsordninga for frivillige organisasjonar innan framlegginga av statsbudsjettet for 2027.

5. februar 2026

Maren Grøthe

Erling Sande

